



Vigdis Anne Dyrkolbotn
Øreviksvegen 17
5455 HALSNØY KLOSTER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6526 - 20/25583

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 247/5 Dyrkolbotnen

Tiltak: Dispensasjon og tilbygg fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 247/5
Tiltakshavar: Vigdis Anne Dyrkolbotn
Ansvarleg sækjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.03.2020.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen sin arealdel 2019-2031 (tidlegare Lindås kommune) for etablering av eit mindre tilbygg til fritidsbustad samt markterrasse i tilknytting til fritidsbustad. Tilbygget er opplyst å ha eit bruksareal på om lag 3 m² medan markterrassen er opplyst å ha eit bygd areal på om lag 21 m².

Eigedom gbnr. 247/5 har fleire heimelshavarar kommunen legg til grunn at tiltakshavar har naudsynt private rettar til å forestå tiltaket.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Vidare ligg eigedomen innanfor 100-metersbeltet langs Botnavatnet som er del av nedslagsfeltet til Romarheimselvi.

Planlagt tiltak krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og frå kommunedelplanen sin arealdel (tidlegare Lindås kommune) § 2.6.1 byggeforbodet langs sjø og vassdrag på 100 meter innanfor nedslagsfelt Romarheimselvi.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet, i tillegg til omsøkt dispensasjon vil tiltak krevje dispensasjon frå kommunedelplanen § 2.6.1 byggeforbodet langs sjø og vassdrag.

Saka vert sendt på høyring til regionale og lokale mynde som har 4 vekers høyringsfrist.

Medan saka er på høyring vil vi be om at de supplerer søknaden med søknad om dispensasjon frå byggeforbodet innan nedslagsfeltet for Romarheimselvi som er på 100 meter

